



MØTEBOK

Eigedomsavgifter 2022

Utval sak	Utval	Møtedato
86/21	Utval for plan og miljø	16.11.2021
80/21	Kommunestyret	08.12.2021

Vedlegg:

- 1 Detaljbudsjett Feiing
- 2 Detaljbudsjett Avlaup
- 3 Detaljbudsjett Vatn
- 4 SIM budsjett renovasjon og slam 2022 Fitjar kommune
- 5 Eksisterande tilknytingsavgifter i Fitjar kommune 2019
- 6 Nytt forslag til tilknytingsavgifter i Fitjar kommune

Bakgrunn:

Samanlikna med nabokommunar og kommunegruppa har Fitjar låge gebyr for avlaup og vatn. Gebyra vart i 2020 auka. Med fylgjande framlegg vert gebyra auka ytterlegare, i tråd med prisutvikling og kommunedelplan for Vatn og Avlaup (V/A) 2020-2030. Tilknytingsavgiftene blei sist endra i 2019, vert og føreslått endra.

Generelt:

Detaljbudsjettet som vert presentert i denne saka er dei same som er presentert i Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025.

Kostnadssida:

Investeringar:

I perioden 2015-2021 har det vore store investeringar i V/A knytt til Sentrum – Vik, Øvrebygda og miljøgata i sentrum.

I 2021 har resipient undersøking blitt ferdig stilt. Arbeidet med prosjektering av renovering teknisk bygg har blitt utført og det er kjøpt inn FVD vedlikeholdssystem for drikkevatt og avlaup. Arbeid med prosjektering av høgdebasseng og prosjektering av sanering vatn og avlaup blir i 2021 lagt ut i konkurranse for å få pris på konsulentarbeid. Arbeidet med slamavskiller Fiskanaset er starta. Kommunedelplan V/A 2020-2030 vart vedteke av kommunestyret 30.09.20, og der prosjekta er skildra.

Økonomiplan 2022-2025

I tillegg til faste postar, er det i investering 2022 lagt inn nye forslag: bygging teknisk bygg, sanering vatn og avlaup, forprosjekt VA Årskog og grunnarbeid VA Årskog. Me viser til investeringsbudsjettet for kommunen, der prosjekta er beskrive.

Avskrivningar og renter aukar som følgje av høgare investeringar i heile planperioden. Gebyra er utjamna til ein jamn prosentvis auke, i staden for større sprang dei åra ein har store investeringar.

Forankring i planar/mål:

Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Kommunedelplan for vassforsyning 2020-2030

Kommunedelplan for avlaup og vassmiljø 2020-2030

Vurdering:

1.Vatn og kloakk

Fond:

Fitjar brukte resten av vassfondet i 2020, og siste rest av avlaupsfondet i 2021.

Det vil ikkje vera fondsmidlar ved inngangen av 2022. Det er lagt inn gebyrauke med 11,2 % på vatn, og 7,8 % på avlaup.

Tilknytingsgebyr:

Det blir lagt til kommunal deflator på 2,5 % på tilknytingsgebyr for vatn og kloakk.

Tilknytingsavgifter i eksisterande tilknytingsavgifter i Fitjar kommune 2019, punkt 1.2.1, 3.2.1, 4.2, 5.2.1 og 5.2.3 blir auka til 20 kr,-

Punkt 2.1 i eksisterande tilknytingsavgifter i Fitjar kommune 2019, blir endra frå eining opp til 150 m2 til ingen arealavgrensing. Punkt 2.2 blir endra frå tillegg pr m2 over 250 m2 til utvendig vasspost naust. Punkt 2.3 utgår.

2.Gebyr for gjennomføring av lovbestemt feiing og tilsyn med fyringsanlegg:

Samarbeidsavtalen med Stord kommune innan feiing og tilsyn vart reforhandla og er vidareført frå 2020. Jf. Sak 4/20 Tenesta skal ha fokus på tilsyn med branntryggleik i bustad, og fritidsbustader, og tilsynet inngår som ein del av brannvernet sitt førebyggjande arbeid.

Forskrift om brannforebygging set krav om tilsyn og feiing etter behov, hyppigheita og gjennomføring skal vere basert på risiko, dvs byggverket sin karakter, kvalitet på fyringsanlegget, fyringsmønster mv.

Tal bustadhus og fritidsbustader med fyringsanlegg for 2022 er rekna til 1510. Ein har valt lik avgift for fritidsbustad som for bustad.

Fritidseigedom har hatt feie- og branntilsyn frå 2021.

Det blir feieavgift på 650,- kr pluss mva. for 2022, ei auke frå 2021 på kr. 30,-

3.Slam og renovasjon:

Dette arbeidet blir utført av SIM, som og har rekneskapen. Kommunen ivartetek abonnementsregister og dispensasjonar, og har ei lita godgjersle for dette arbeidet.

Abonnementsgebyret for renovasjon vert auka med 125 kr inklusive mva for hus og 100,- kr inklusive mva for hytter. Renovasjon har elles tilfredsstillande resultat og fond. Auken i gebyret skuldast at SIM har auka gebyra til kommunen.

Satsane for slam er foreslått auka frå 2020 til 2021 med 75,- kr inklusive mva for hus. Slamgebyret for hytter er uendra. Slamtømming blir utført annakvart år, men gebyra blir fakturert kvart år, og rekneskapen viser tilsvarende store over- og underskot, som vart ført til / trekt frå fond. Rekneskapen er føresettt å gå i balanse over 2 år. Ordninga har tilfredsstillande resultat og fond.

Tilknytingsgebyr til vasspost naust

Fitjar kommune har fleire naust med tilknytning av vatn, men har ikkje tilknytingsgebyr for dette. Verken for vasspost utandørs eller hytter med innlagt vatn. Rådmannen føreslår å innføra tilknytingsgebyr for vatn til naust, for begge typar tilknytning.

Naust med innlagt vatn skal inngår i tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, punkt 2.1 ingen arealavgrensing.

For vasspost utandørs, vert det foreslått ei tilknytingsavgift i same størrelsesorden som nabokommunane. Satsane for tilknytning vasspost naust i 2021 for andre kommunar er følgjande:

Bømlø 12.925,- inkl mva
Sveio 12.500,- inkl mva

Legg til kommunal deflator på 2,5 %, dermed blir nye satsar for Fitjar kommune som følger:

Naust	Vatn eks mva	Vatn inkl mva
Ingen arealavgrensing, innlagt vatn	22.038,-	27.550,-
Utvendig vasspost	10.500,-	13.125,-

Bustader med hyttegebyr – SIM

SIM har innvilga at bustader kan betale hyttegebyr utan at det ligg føre søknad om bruksendring eller godkjenning av denne. Etter rådmannens syn er dette feil; Det skal betalast gebyr etter kva eigedomen er regulert som.

Rådmannen føreslår difor at regelverket vert konkretisert på dette punktet. Heilårsbustad som be nyttes som fritidsbustad skal betraktast som bustad, ikkje som fritidsbustad.

Endringa vil få verknad for 48 bustadhus, som i dag betalar gebyr som hytte.

Folkehelse:

Ikkje vurdert i denne saka.

Klima/miljø:

Ikkje vurdert i denne saka.

Økonomi og forankring i økonomiplanen:

Etter at saka er behandla i utval for plan og miljø, skal saka i kommunestyret og bli behandla med budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre fastset fylgjande satsar for eigedomsavgifter for 2022, gjeldande frå 1. januar 2021:

- Årsgebyr for vatn vert auka med 11,2 % i 2022. Avgift for bustad vert 3 160,- (3 951,- inkl. mva.).
- Årsgebyr for avlaup vert auka med 7,8 % i 2022. Avgift for bustad vert 4 202,- (5 253,- inkl. mva.)
- Årsgebyr for feiing og tilsyn vert auka til 650,-, det er ein auke på 30,- kr (812,50 inkl. mva.)
- Tilknytingsavgift for vatn og avlaup blir endra i 2022. Kommunal deflator på 2,5 % blir lagt til.
- Tilknytingsavgift vatn for hus aukar med 400,- kr i 2022. Tilknytingsavgift for vatn for hus vert 16.400,- kr (20 500,- kr inkl.mva.).
- Tilknytingsavgift kloakk for hus aukar med 325,- kr i 2022. Tilknytingsavgift kloakk for hus vert 13.325,- kr (16 656,- kr inkl. mva.).
- Naust med innlagt vatn inngår i tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, punkt 2.1, ingen arealavgrensing, innlagt vatn
- Tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, 2.1 ingen arealavgrensing, innlagt vatn blir auka med kommunal deflator på 2,5 %. Tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, 2.1 ingen arealavgrensing, vert 22.038,- kr (27.550,- kr inkl. mva.).
- Tilknytingsavgift for vasspost naust er ny avgift og blir innført frå 01.01.22. Tilknytingsavgift for vasspost naust blir i 2022 på 10.599,- kr (13.248,- kr inkl. mva.).
- Tilknytingsavgifter i punkt 1.2.1, 3.2.1, 4.2, 5.2.1 og 5.2.3 blir auka til 20,- kr.
- Gebyra for renovasjon vert auka i samsvar med forslaget frå SIM.
- Gebyra for slam vert auka, i samsvar med forslaget frå SIM.

Lovbestemt meirverdiavgift kjem i tillegg til satsane.

Kommunestyret vedtek tilknytingsgebyr for vatn til utvendig vasspost naust kr 13.248,- inkl mva. for naust, og at naust med innlagt vatn inngår i tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, punkt 2.1 ingen arealavgrensing. For naust må det søkjast på særskilt skjema for tilknytning til kommunal vassforsyning. Søknad må vera godkjent og avgifta betalt før tilknytning skjer. Tilknytingsgebyr for vatn vasspost naust skal bli innført 01.01.22.

Kommunestyret vedtek at eigedomar skal betale gebyr etter kva dei er matrikkelført som, dermed må bustader som betaler hyttegebyr for renovasjon, få ein endring, då dei må betale renovasjonsavgift for hus. Endringa tek til å gjelde frå 01.01.22.

Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 16.11.2021

Behandling:

Representanten Bård Inge Sørfohn stilte spørsmål om hans habilitet då han blir tilsett i Fitjar kommune på VA-avdelinga frå 01.12.21.

Representanten Kristian Skumsnes tok over som setteformann, medan Sørfohn sin habilitet vart drøfta.

Rådmannen orienterte om at i overordna planer er ikkje habiliteten et problem jf forvaltningslova.

Representanten ble samrøystes erklært gild og tiltrådte møtet att.

Representanten Kristine Kleppe Dalen (SP) hadde spørsmål gjeldande rutiner for feiing. Dette faller svært urettferdig ut for mange og det er dyrt. Det vart vist til informasjon på nettsida. Administrasjonen tar saka vidare med brannsjefen.

Vedtak:

Tilråding til kommunestyret: (4 mot 1 røyst (H))

Fitjar kommunestyre fastset fylgjande satsar for eigedomsavgifter for 2022, gjeldande frå 1. januar 2022:

Årsgebyr for vatn vert auka med 11,2 % i 2022.

Avgift for bustad vert 3 160,- (3 951,- inkl. mva.).

Årsgebyr for avlaup vert auka med 7,8 % i 2022.

Avgift for bustad vert 4 202,- (5 253,- inkl. mva.)

Årsgebyr for feiing og tilsyn vert auka til 650,-, det er ein auke på 30,- kr (812,50 inkl. mva.)

Tilknytingsavgift for vatn og avlaup blir endra i 2022. Kommunal deflator på 2,5 % blir lagt til.

Tilknytingsavgift vatn for hus aukar med 400,- kr i 2022.

Tilknytingsavgift for vatn for hus vert 16.400,- kr (20 500,- kr inkl.mva.).

Tilknytingsavgift kloakk for hus aukar med 325,- kr i 2022.

Tilknytingsavgift kloakk for hus vert 13.325,- kr (16 656,- kr inkl. mva.). -

Naust med innlagt vatn inngår i tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, punkt 2.1, ingen arealavgrensing, innlagt vatn 75 - Tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, 2.1 ingen arealavgrensing, innlagt vatn blir auka med kommunal deflator på 2,5 %.

Tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, 2.1 ingen arealavgrensing, vert 22.038,- kr (27.550,- kr inkl. mva.). -

Tilknytingsavgift for vasspost naust er ny avgift og blir innført frå 01.01.22.

Tilknytingsavgift for vasspost naust blir i 2022 på 10.599,- kr (13.248,- kr inkl. mva.). -

Tilknytingsavgifter i punkt 1.2.1, 3.2.1, 4.2, 5.2.1 og 5.2.3 blir auka til 20,- kr. -

Gebyra for renovasjon vert auka i samsvar med forslaget frå SIM. -

Gebyra for slam vert auka, i samsvar med forslaget frå SIM.

Kommunestyret vedtek tilknytingsgebyr for vatn til utvendig vasspost naust kr 13.248,- inkl mva. for naust, og at naust med innlagt vatn inngår i tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, punkt 2.1 ingen arealavgrensing.

For naust må det søkjast på særskilt skjema for tilknytning til kommunal vassforsyning. Søknad må vera godkjent og avgifta betalt før tilknytning skjer. Tilknytingsgebyr for vatn vasspost naust skal bli innført 01.01.22.

Kommunestyret vedtek at eigedomar skal betale gebyr etter kva dei er matrikkelført som, dermed må bustader som betaler hyttegebyr for renovasjon, få ein endring, då dei må betale renovasjonsavgift for hus. Endringa tek til å gjelde frå 01.01.22.

Lovbestemt meirverdiavgift kjem i tillegg til satsane.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 08.12.2021

Behandling:

Representanten Bård Inge Sørfonn (KRF) ba kommunestyret vurdera om han er ugild i saka, då han er tilsett i Fitjar kommune sin avdeling for vatn og avløp. Han vart samrøystes erklært gild.

Kommunestyret drøfta saka.

Framlegg til vedtak vart vedteke med 14 røyster (KRF, SP, AP og FRP), mot 3 røyster (H).

Vedtak:

Fitjar kommunestyre fastset fylgjande satsar for eigedomsavgifter for 2022, gjeldande frå 1. januar 2021:

- Årsgebyr for vatn vert auka med 11,2 % i 2022. Avgift for bustad vert 3 160,- (3 951,- inkl. mva.).
- Årsgebyr for avlaup vert auka med 7,8 % i 2022. Avgift for bustad vert 4 202,- (5 253,- inkl. mva.)
- Årsgebyr for feiing og tilsyn vert auka til 650,-, det er ein auke på 30,- kr (812,50 inkl. mva.)
- Tilknytingsavgift for vatn og avlaup blir endra i 2022. Kommunal deflator på 2,5 % blir lagt til.
- Tilknytingsavgift vatn for hus aukar med 400,- kr i 2022. Tilknytingsavgift for vatn for hus vert 16.400,- kr (20 500,- kr inkl.mva.).
- Tilknytingsavgift kloakk for hus aukar med 325,- kr i 2022. Tilknytingsavgift kloakk for hus vert 13.325,- kr (16 656,- kr inkl. mva.).
- Naust med innlagt vatn inngår i tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, punkt 2.1, ingen arealavgrensing, innlagt vatn
- Tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, 2.1 ingen arealavgrensing, innlagt vatn blir auka med kommunal deflator på 2,5 %. Tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, 2.1 ingen arealavgrensing, vert 22.038,- kr (27.550,- kr inkl. mva.).
- Tilknytingsavgift for vasspost naust er ny avgift og blir innført frå 01.01.22.
- Tilknytingsavgift for vasspost naust blir i 2022 på 10.599,- kr (13.248,- kr inkl. mva.).
- Tilknytingsavgifter i punkt 1.2.1, 3.2.1, 4.2, 5.2.1 og 5.2.3 blir auka til 20,- kr.
- Gebyra for renovasjon vert auka i samsvar med forslaget frå SIM.
- Gebyra for slam vert auka, i samsvar med forslaget frå SIM.

Lovbestemt meirverdiavgift kjem i tillegg til satsane.

Kommunestyret vedtek tilknytingsgebyr for vatn til utvendig vasspost naust kr 13.248,- inkl mva. for naust, og at naust med innlagt vatn inngår i tilknytingsavgift 1.3.2 for fritidsformål, punkt 2.1 ingen arealavgrensing. For naust må det søkjast på særskilt skjema for tilknytning til kommunal vassforsyning. Søknad må vera godkjent og avgifta betalt før tilknytning skjer. Tilknytingsgebyr for vatn vasspost naust skal bli innført 01.01.22.

Kommunestyret vedtek at eigedomar skal betale gebyr etter kva dei er matrikkelført som, dermed må bustader som betaler hyttegebyr for renovasjon, få ein endring, då dei må betale renovasjonsavgift for hus. Endringa tek til å gjelde frå 01.01.22.

Svein Dale Soleng
Konstituert rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.